

Boklansering og dokketeater i barnehagen

10.06.2011



Styrar Marianne Lyngnes Bjørnebøle inviterer til boklansering og dokketeater (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tysdag blir ein stor dag i den kommunale barnehagen,
med boklanseringsfest og urframføring av dokketeater.
Barnehagen har delteke i eit prosjekt i regi av Nynorsksenteret
i Volda dette året og no skal det markerast.
Boka, dokkene og historiene til dokketeatret er laga av
ungane etter inspirasjon frå det dei har vore med på i dette
barnehageåret**

Foreldra er inviterte til det som skal skje tysdag frå klokka 10 til 12, der også ordførar Synnøve Solbakken vil vera til stades. Styrar Marianne Lyngnes Bjørnebøle og Bamsebupersonalet opplyssar at målet med prosjektet er å styrke språkstimuleringa i barnehagen.

- Kva er så skjedd i samband med prosjektet?
 - Det kom fleire bøker på nynorsk hit og nokre av dei fengja unganemeir enn andre. Samtidig grydde det fram interesse for handdokker. Førsteklassa i skulen inviterte oss på dokketeater der dei hadde laga dokkene sjølv og vi vart invitert på ei teaterframsyning om 'Herr Spiss' i regi av Den Kulturelle Nistepakka.
 - Dei vaksne greip tak i det dei såg ungane leikte og viste interesse for og bokproduksjon og dokketeater kom i gang
 - Kva har så ungane gjort?
 - Dei har laga historie og teikna teikningar til ho. Dei har sjølv plukka utteikningar og laga dokkene.
- Prosjektet har gjeve oss ein veg vi ynskjer å utforska meir og vi har fått positivt svar på søknad om vidareføring. Natur og uteliv er noko vi satsar på og no skal vi ta historier og bøker med ut på tur og bruke naturen til dramatisering og leiking av det vi les, opplyssar styraren og Bamsebu-personalet..

Av Ola Matti Mathisen